

**SAMSPEL**  
**BEREKRAFT**  
**NYSKAPING**



Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

---

STRATEGI  
2019–2023

 Høgskulen  
på Vestlandet

## Nøkkeltal 2018

**6458** studentar

**552** tilsette

**10** bachelorprogram

**14** masterprogram

**1** ph.d.-program

**4** institutt

> Idrett, kosthald og naturfag

> Kunstfag

> Pedagogikk, religion  
og samfunnsfag

> Språk, litteratur,  
matematikk og tolking

**3** campusar

> Sogndal

> Bergen

> Stord

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har ansvaret for utdannings- og forskingsfelt som er i rask utvikling. Oppdraget vårt er å utdanne yrkes- og profesjonsutøvarar og utvikle ny kunnskap for ei framtid som vi i dag berre anar konturane av, men likevel bygd på ei erkjenning av at samfunnet i framtida vil ha stort behov for dyktige lærarar og fagfolk med høgare utdanning knytt til kultur- og idrettsfaga.

FLKI sin strategi bygger på HVL sin overordna strategi, der vår forankring på Vestlandet og ei brei forståing av berekraft er grunnleggjande perspektiv. Strategien har fakultetet, våre tilsette og studentar, som primær målgruppe. Den skal gje oss ei retning å arbeide etter, i eit femårig perspektiv. Strategien vil bli operasjonalisert gjennom årlege planar i organisasjonsledda.



## Ambisjonar og profil

FLKI skal handle lokalt gjennom å vere ei drivkraft i utvikling og fornying av det regionale utdannings-, kultur- og idrettslandskapet. Aktiviteten vår skal ha eit globalt perspektiv, vi skal hente internasjonale impulsar og gje vårt bidrag til utvikling av ei rettferdig og berekraftig verd. Det faglege bidraget vårt skal vere prega av kritiske og løysingsorienterte tilnærmingar, men også av kontinuitet og god samanheng mellom og på tvers av ulike kunnskapsperspektiv.

Som vår viktigaste ressurs skal både studentar og tilsette førebu seg på å utnytte mulegheiter som ligg i det nye som måtte kome og til å møte utfordringar knytt til det usikre. Viktige eigenskapar er å tenke og handle kreativt og kunne handsame komplekse saksforhold. FLKI skal vere kjent for å ha kompetente fagmiljø og for å utdanne kompetente studentar med oppdatert kunnskap og ferdigheiter innan fag- og profesjonsområda sine, men samstundes med livslang læring som grunnperspektiv. Vi skal vere eit språkleg føredøme når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål, teiknspråk og engelsk.

Forskningsaktiviteten skal vere kritisk, relevant og utviklande for studietilbodet og praksisfeltet, ha høg kvalitet og vere internasjonalt orientert. Dei nye femårige lærarutdanningane vil sette ekstra store krav til fakultetet og gjere at ein veksande del av studentmassen i framtida vil vere master- og ph.d.-studentar. Dette vil styrke HVL som kulturinstitusjon og krevje og bidra til sterkare kopling mellom utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Slik vil fakultet bidra til at høgskulen når ambisjonen om å bli profesjons- og arbeidslivsretta universitet i 2023.



# Visjon

HVL sin overordna visjon er:

## Kunnskap som bygger menneske og samfunn

FLKI skal vere ei drivkraft for utvikling og sikring av høg kvalitet, mangfald og berekraft i alle deler av utdannings-, kunst og kultur- og idrettssektorane, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Fagleg og administrativ aktivitet skal vere innretta slik at den bidreg til å myndiggjere studentar og tilsette til å møte nye betre mulegheiter og utfordringar i det 21. hundreåret. Samspelet i FLKI skal vere prega av openheit og medråderett.

YOU CAN  
(AND MUST)  
DO IT!



For å oppnå dette skal vi:

- > gje gode og breie fag- og utdanningstilbod på alle campus
- > bygge sterke og relevante miljø for forskings- og utviklingsarbeid
- > sette høge kvalitetskrav til eiga utdannings-, fou- og formidlingsverksemd og til dei administrative støttetenestene
- > vere fleksible og endringsorienterte
- > vere tett på studenten og praksisfelta som samarbeidspartarar og faglege ressursar
- > ha høg etisk standard og grad av akademisk fridom

Som rettleiande prinsipp for dei neste fem åra vil vi løyse oppdraget og sikre FLKI sin posisjon og **berekraft** i brei forståing gjennom:


- > **Nyskaping:** Vere utviklingsorienterte i utdannings- og forskingsprogramma våre og nytte varierte fou-baserte lærings- og vurderingsformer der studenten står i sentrum, også som fagleg ressurs.

Vidareutvikle og fornye forskingsmiljøa og stimulere til auka publisering og relevans i forskinga.

- > **Samspel:** Vere «tett på» og vidareutvikle det gode samarbeid vi har med relevante praksisfelt, næringsliv, frivillige og andre samfunnsorgan.

Vi skal arbeide for å innfri forventingane i sentrale dokument som Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane (LU2025) og Stortingsmeldinga om humaniora (2017).

Sentrale verkemiddel for å bygge opp under desse prinsippa skal vere å **inspirere**, **støtte** og **myndiggjere** studentar og tilsette på alle nivå, og legge til rette for gode arbeids-, fou- og læringsmiljø, der deling av kunnskap er eit berande prinsipp.



# Vårt bidrag til samfunnet – kjerneoppgåver



## Fakultetet skal

Utdanne kompetente og skikka lærarar og profesjonsutøvarar innan kunst, kultur og idrett, til nytte for samfunnet lokalt og nasjonalt. FLKI skal gi studentane eit tilbod om heile utdanningsløp, frå bachelor til ph.d. Studentar skal oppleve å kunne velje mellom mange utdanningar og ha valfridom i dei enkelte utdanningane. FLKI skal sikre og ivareta eit godt læringsmiljø og det skal leggast til rette for at studentane kan ta ei aktiv rolle i læringsprosessen.

### Mål på at vi lukkast:

- > God studenttilgang
- > Produktivt læringsklima prega av trivsel og godt samspel mellom studentar og tilsette
- > Studentar som gjennomfører på normert tid på alle nivå
- > Utdanningar og fou som dekkjer regionale og nasjonale behov
- > Høg aktivitet og stor grad av synlegheit innan internasjonalisering

Drive forskning og utviklingsarbeid som er kritisk, relevant og utviklande for verksemda vår og dei vi utdannar for. Ph.d.-programmet «Studier av danning og didaktiske praksiser» blir, saman med dei strategiske forskingsprogramma og forskargruppene, viktig senteringspunkt for fou-aktiviteten i fakultetet. Vi vil legge stor vekt på å trekke fagmiljøa på alle campus inn i ph.d.-studiet.

Forskning og utviklingsarbeid skal vere prega av praksisnær og deltakande verksemd, i brei forståing. Studentar og samarbeidspartnarar i nedslagsfeltet til fakultetet skal vere involverte i og gi inspirasjon til både fou-arbeid og kunstnarleg utviklingsarbeid. Resultata frå fou-aktiviteten skal inngå i det faglege grunnlaget på alle utdanningsnivåa.

### Mål på at vi lukkast:

- > Fou-aktivitet med høg relevans for fag- og utdanningsfeltet våre
- > Høg grad av ekstern finansiering
- > God samanheng mellom utdannings- og forskingsverksemda
- > Fagmiljøa er knytt til sterke nasjonale og internasjonale nettverk



Fakultetet skal ha ei brei tilnærming til formidlingsomgrepet og tydinga av det. Både studentar og tilsette deltek i formidlinga som skal vere retta mot både allmenta, utdanningsmiljø og vitskapssamfunnet.

#### Mål på at vi lukkast:

- > Brei allmennretta, brukarretta og vitskapleg publisering frå den faglege verksemda, inklusive format som er naturlege for kunstnarleg utviklingsarbeid
- > Omfattande vitskapleg publisering på høgt internasjonalt nivå
- > FLKI er synleg i det faglege landskapet med særleg relevans for fakultetet



## FLKI i 2023

### Korleis vil vi FLKI skal vere i 2023?

FLKI tilbyr utdanningar og læringsmiljø av høg kvalitet med livslang læring som grunnleggjande prinsipp. Fakultetet tilbyr gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor- til ph.d.-nivå. Fakultetet har høg aktivitet knytt til etter-, vidare- utdanning og oppdrag (EVO).

FLKI rekrutterer godt til alle utdanningane og tilbyr gode kandidatar med relevant og oppdatert kompetanse for barnehage-, skule-, idretts- og kultursektorane i alle regionar.

Studentane ved FLKI gjer det godt og skårar høgt på alle nivå, og studentgjennomstrøminga tilfredsstillir krava for at HVL kan søke status som profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan sine område.

### Korleis vil vi få det til?

- > Kontinuerleg vurdere studieporteføljjen
- > Drive systematisk kvalitetsarbeid i alle utdanningsprogramma, inklusive EVO
- > Prioritere utdanningsprogram som kan inngå i gjennomgåande utdanningsløp
- > Prioritere søknad om Senter for framifrå utdanning med utgangspunkt i eitt eller fleire profilerte forskingsmiljø
- > Ha høgt nivå på administrative støttetjenester inn mot både utdanning, fou og formidling

- > Utvikle levande campusar med solide fag- og utdanningstilbod på alle campus
- > Marknadsføre utdanningsprogramma gjennom alumni
- > Drive aktiv rekruttering av dedikerte og dyktige studentar til alle utdanningane
- > Synleggjere fagleg aktivitet

- > Myndiggjere studieprogramråd, forskingsprogramråd og programutval for ph.d. i høve til kvalitetsutvikling
- > Legge stor vekt på at forskings- og utdanningsverksemda skal vere relevant for faga, utdanningane og forskingsfeltene våre

	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Sikre høg studentgjennomstrømming gjennom å stille høge krav til studentane og gi systematisk tilbakemelding, vurdering og rettleiing på alle nivå</li> <li>&gt; Gjennomføre systematisk rettleiaropplæring på master- og ph.d.-nivå</li> </ul>
FLKI si faglege verksemd er prega av framtidsretta lærings-, vurderings- og forskingsmåtar som er eigna for å møte utfordringane og mulegheitene i det 21. hundreåret.	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Legge til rette for nye studentaktive læringsformer i undervisninga</li> <li>&gt; Gje studentane høve til å møte og ta del i relevant forskning knytt til utdanningane</li> <li>&gt; Gje alle tilsette mulegheiter for fagleg, didaktisk og pedagogisk kompetanseheving</li> <li>&gt; Legge til rette for kompetanseheving og bruk av digitale verktøy i læringsarbeidet</li> <li>&gt; Utvikle kurs i akademisk læring retta mot bachelorutdanningane, med fokus på metode, vitskapsteori og akademisk skriving</li> <li>&gt; Gje alle tilsette tilbod om opplæring i vitskapsteori, forskingsmetodar og forskingsetikk</li> </ul>
FLKI arbeider praksisnært, og den faglege aktiviteten i FLKI, både utdanning og forskning, skjer i nært samarbeid med relevante praksisfelt, også slik at den regionale utviklingsrolla blir ivaretatt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Etablere fora for samarbeid med praksisfeltet</li> <li>&gt; Utvikle forpliktande partnerskapsordningar for praksis i barnehagar, skular og andre relevante institusjonar</li> <li>&gt; Sørge for relevant praksisopplæring for studentane der det vert lagt stor vekt på kopling mellom praktiske ferdigheiter og teoretisk kunnskap</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Sikre at relevant praksis- og yrkeskompetanse blir godt nok ivaretatt i fagmiljøa og at praksisrettleiarar har relevant og oppdatert kunnskap og kompetanse frå praksisfeltet i tillegg til teorikunnskap</li> <li>&gt; Starte arbeid med etablering av lærarutdanningsbarnehagar og -skular</li> <li>&gt; Sørge for at studentane gjennom undervisninga har fått kjennskap til forskning om, på og med relevante praksisfelt</li> </ul>
FLKI har ein internasjonal profil på den faglege verksemda, med stor aktivitet knytt til mobilitet og internasjonalt samarbeid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Utvikle eit breitt perspektiv på internasjonalisering, og prioritere ressursar til feltet</li> <li>&gt; Prioritere å utvikle samarbeid med institusjonar med høg fagleg relevans for utdanningane våre</li> <li>&gt; Prioritere samarbeid med institusjonar der ein kan få til aktivt samarbeid om både utdanning og forskning</li> <li>&gt; Utvikle, kvalitetssikre og implementere ordningar for internasjonal student- og tilsettemobilitet</li> </ul>
FLKI er ein sentral bidragsytar når det gjeld utvikling av ny forskingsbasert kunnskap som er praksisnær og med høg relevans for fakultetet sine fag- og utdanningsområde. Samla sett har forskingsmiljøet eit stort metodisk repertoar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Prioritere ressursar til praksisnært fou-arbeid</li> <li>&gt; Samarbeide tett med praksisfeltet om fou-prosjekt</li> <li>&gt; Resultata frå forskinga skal nyttast på alle nivå</li> <li>&gt; Gje forskarar høve til å eksperimentere med og utvikle kompetanse på nye tilnæringsmåtar til forskning</li> </ul>



<p>Det er eit tett samspel mellom utdannings- og forskingsaktiviteten i fakultetet, og studentar og praksisfelt bidreg sentralt i fou-aktiviteten.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Involvere studentane i forskingsprosjekt som er relevante for studietilbodet</li> <li>&gt; Stimulere til forskning på eigen praksis</li> <li>&gt; Sørge for at fagtilsette har relevant praksiserfaring og god kjennskap til praksisfeltet</li> <li>&gt; Sørge for god kommunikasjon og produktive møteplassar mellom utdanningsprogramma, forskingsmiljøa (forskargrupper, forskingsprogram og ph.d.-program) og praksisfeltet</li> </ul>
<p>FLKI har sterke forskingsmiljø med nasjonal og internasjonal posisjon innan sentrale profilmråde.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Gje særleg støtte til forskingsmiljø med sterk internasjonal nettverkstilknytting</li> <li>&gt; Avsette ressursar til kompetanseheving på alle nivå</li> <li>&gt; Tydeleggjere krav til relevant forskingskompetanse ved tilsettingar</li> </ul>
<p>FLKI sine forskingsmiljø har stort gjennomslag i forskning, synleggjort gjennom høg NVI-skår, omfattande ekstern finansiering og innverknad på politikktutforming og praksis.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Gje særleg støtte til forskingsmiljø som evnar å konkurrere om eksterne forskingsmidlar</li> <li>&gt; Føre RBO-midlar (belønningsmidlar) tilbake til forskingsmiljøa</li> <li>&gt; Utvikle gode støtteordningar for forskings- og publiseringsverksemda (t.d. søknadsutforming, dataanalyse og språk)</li> <li>&gt; Stimulere til aktiv og brei publiseringsverksemd, både retta mot vitenskapssamfunnet og mot brukarar, allmenta og politikktutforming</li> </ul>

<p>Tilsette og studentar bidreg aktivt med formidling frå den faglege verksemda.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>&gt; Utvikle strategi for mediehandtering og omdømmebygging</li> <li>&gt; Tilby kurs for tilsette og studentar i formidling av fagleg aktivitet til ulike medium</li> <li>&gt; Ha god språkrøkt i fakultetet</li> </ul>
--	--





# Strategisk fagleg profilering

FLKI har som mål å ha fleire sterke og profilerte fagmiljø som tydeleg viser igjen i det nasjonale og internasjonale fag- og utdanningslandskapet.

Fakultetet vil prioritere interne ressursar til dei fagmiljøa som kan godtgjere at dei er, eller har særskilt potensial til å kome i ein slik nasjonal og/eller internasjonal posisjon.

Vi vil her legge vekt på følgjande kriterium:

- > Relevans for undervisningskvalitet og fakultetet sine utdanningstilbod
- > Praxisforankring
- > Grad av ekstern finansiering
- > Fou-produksjon inklusive omfang av master- og ph.d.-studentar
- > Kapasitet og formell kompetanse
- > Nettverk med praksisfelt og fagmiljø
- > Synlegheit regionalt, nasjonalt og internasjonalt



# Bidrag inn i mot felles faglege satsingsområde

HVL har definert sju felles faglege satsingsområde, som FLKI vil yte bidrag til.

## Ansvarleg innovasjon

FLKI skal utdanne kritisk reflekterande og kompetente studentar som er klar over samfunnsmessige utfordringar og mulegheiter, og som ser desse som utgangspunkt for innovasjon. I den faglege verksemda skal ein vektlegge det å tenke kreativt og det å handsame komplekse saksforhold. Vårt samarbeid med samfunnsaktørar og institusjonar fører både til kontinuerlig betring av eigen undervisnings- og forskingskvalitet og til regional utvikling.

## Berekraftig utvikling

FLKI skal utdanne studentar som forstår mangfaldsproblematikk og berekraftsbehov i samfunnet og naturen. Studentane våre skal bidra til å utvikle kunnskap og praksisar for å gi noverande og framtidige generasjonar inspirasjon og verktoy til å vere aktørar for ei berekraftig framtid, i brei forståing. Kompetanse knytt til berekraft og mangfald skal hevast blant dei tilsette. FLKI skal sikre berekraftige praksisar i eiga verksemd og vere en pådrivar i møte med samarbeidspartnarar.

## Danning

FLKI skal utdanne kritiske og reflekterte samfunnsborgarar og yrkesutøvarar som både er i stand til å fortolke og forstå samspelet mellom individ og omgjevnader, så vel som å kunne endre dette samspelet. Danning er det sentrale omgrepet knytt til ph.d.-programmet ved FLKI. FLKI vil difor naturleg kunne vere leiande i utviklinga av dette felles satsingsområdet. FLKI vil leggje vekt på at utdanningane våre skal innehalde varierte lærings-, arbeids- og uttrykksformer. Betydninga av kroppslege og praktiske ferdigheiter står sentralt her. Det kritiske danningspotensialet som mellom anna kunst- og kulturfaga representerer, skal vidareutviklast i fag og forskning.

## Folkehelse

Ved FLKI står folkehelseproblemstillingar sentralt både i utdanning og fou. Dette dreier seg mellom anna om forskning på forholdet mellom fysisk aktivitet, kosthald, helse og læring og om livsmeistring og sosial kompetanse. Fakultetet ønskjer å vere i ein strategisk posisjon til å bidra med relevant forskning i framtida når utfordringar oppstår.


## Sikkerheit

FLKI vil bidra til eit sikkert og trygt samfunn. Aktuelle innsatsområde er mellom anna risikovurdering og sikker ferdsel og skredsikring. FLKI vil leggje vekt på å fremje mellommenneskelege relasjonar karakterisert ved inkludering, dialog og gjensidig forståing.

## Teknologi

FLKI har fleire komplementære fagmiljø med høg kompetanse på IKT og medium i utdanning. FLKI er difor i stand til å ta initiativ til nye teknologiske innovasjonar i utdanningssektoren.

FLKI vil leggje stor vekt på å ansvarleggjere organisasjonsledda, institutta, studieprogramma og forskingsprogramma i operasjonaliseringa av innsatsen vår inn mot felles faglege satsingsområde:



# Institusjonsbygging

FLKI vil bidra til bygging av institusjonen HVL og støtte spesielt opp under dei innsatsområda som er prioriterte i den overordna strategien: kompetansebygging, organisasjonsutvikling og samhandling, internasjonalisering og digitalisering. Området digitalisering er i FLKI-strategien operasjonalisert inn under dei andre områda. For FLKI vil digitale løysingar vere viktige for å nå måla om effektiv kunnskaps- og informasjonsdeling, gode lærings- og arbeidsprosessar og betre samhandling.



## Kompetansebygging

At tilsette har tilstrekkeleg og rett kompetanse, er viktig for at verksemda skal nå måla sine. FLKI vil satse på kompetansebygging for alle tilsette med spesiell vekt på å legge til rette for å få opp andelen med relevant topp- og førstekompetanse. Fakultetet skal sørge for at fagmiljøet har relevant utdanningsfagleg kompetanse som UH-pedagogikk, didaktikk og kompetanse i å utnytte digital teknologi til å fremje læring. Det skal også sikrast at både det interne fagmiljøet ved HVL og praksisrettleiarane i barnehagar og skular har relevant fagkompetanse, rettleiingskompetanse og erfaring frå/innsikt i praksisfeltet. Fakultetet skal legge stor vekt på samhandling og det å utvikle ein felles kultur på tvers av fag, utdanningar og campus, med eit lærings- og arbeidsmiljø for studentar og tilsette som er prega av trivnad og inkludering. Utvikling av digitalt støtta metodar og verktøy for kompetanseutvikling og gode digitale løysingar for samhandling vil stå sentralt.

## Organisasjonsutvikling og samhandling

Sentralt i FLKI sitt mandat er å bidra til høg kvalitet i utdannings-, kunst og kultur- og idrettssektorane på Vestlandet. Fakultetet skal i aktiviteten sin legge stor vekt på framtidsretta, nyskapande og undersøkjande pedagogisk verksemd. Ansvarleg innovasjon skal prioriterast. Dette inneber at forskinga sitt bidrag til å møte dei store samfunnsutfordringane vert særskilt vektlagt. Vi skal kontinuerleg arbeide for å forbetre kvaliteten på studietilbod, undervisning og forskning.

Samhandling med praksisfeltet og relevante samfunnsaktørar skal vere ei viktig drivkraft her. På denne måten skal fakultetet møte dei viktigaste utfordringane i det 21. hundreåret, også knytt til området digitalisering og bruk av IKT i læring, undervisning, vurdering og forskning. FLKI ønskjer å vere ein attraktiv og føretrekt samarbeidspartnar på fakultetet sine område og vil legge stor vekt på å få til god samhandling mellom alle involverte campus, også gjennom felles studietilbod og «Vestlandsklassen», studietilbod der studentgrupper vert sett saman på tvers av campus.

## Internasjonalisering

Internasjonalisering skal gjennomsyre både utdannings- og forskingsverksemda i FLKI og koplinga mellom desse. Det internasjonale perspektivet skal styrkast gjennom auka grad av internasjonalt samarbeid innanfor utdanning og forskning og meir forpliktande og gjensidig mobilitet blant studentar og tilsette. Utdanningstilboda skal ha gode ordningar for internasjonalisering og gi mulegheiter for internasjonal studentutveksling med fagleg relevant innhald. Fagmiljøet skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid som er relevant for studietilbodet, og gjennom eigne planar avklare kva internasjonalisering betyr for dei ulike utdanningane og vidare kva tiltak som må prioriterast på området. Fakultetet vil legge spesiell vekt på å styrke samarbeidet med utdannings- og forskingsmiljø med særleg relevans for FLKI si eiga faglege verksemd. Utvikling av gode digitale løysingar for samhandling blir viktig i dette perspektivet.



